

Referat frå ungdomsrådet møte 28.01.21

1. Godkjenning av innkalling og protokoll frå førre møte

Innkalling og protokoll vart godkjent utan merknadar.

2. Økonomi

Koordinator opplyste at det står 20 000.- på ungdomsrådet sin konto. Pengane kan brukas til møtemat eks. pizza m.m. Vanligvis vert ein del av midlane brukt til seminar og samlingar. Det er lite sannsynleg at det blir reise til Oslo ungdomskonferanse i år/ ungdommens fylkesting i år pga. korona. Me legg opp til ein avslutning i juni dersom smittesituasjonen tillet det . Det kan og vara mogleg å gje pengar til støtte for gode tiltak ved slutten av året dersom ein sit att med pengar på budsjettet. Budsjettet for 2019 gjekk i sin heilskap til å kjøpe inn jakkar med logo til alle i ungdomsrådet.

2. Jakker til ungdomsrådet

Koordinator har laga ein avtale med Helland CNC, 45 hettejakker med glidelås og logo er med i avtalen. Alle medlemmer både faste og vara skal ha jakke. Ein har no gått til innkjøp av ei stor mengde jakkar slik at ein har på lager når det kjem nye medlemmer. Medlemmane i ungdomsrådet får bestemme utsjåande på logo og eventuelt slagord mm. Det kom inn forslag om forslag til tekst og logo på ryggen og personleg namn, svart eller grå farge på jakken og matchande farger på logo.

På neste møte vert designaren frå CNC Helland invitert inn for å vise eksempel på jakke med trykk. Det vart bestemt at alle (både faste og vara) kan bruke Facebook-gruppa til å komma med forslag til slagord, logo m.m. Alle, både faste og vara har både forslags- og stemmerett i denne saka.

3. Presentasjon frå styremøtet Fitjar festivalen

Ungdomsrådet har fått ansvar for program for ungdom, alle kan komme med forslag. Konsert for ungdom fredag 18.00. Det er også aktuelt å ha eit sykkel show med ei gruppe frå Nordheimsund, samt å arrangere «Fitjar got talent». Det blir tatt utgangspunkt i at alt går som normalt, og sjå an smittesituasjonen etter kvart.

Det er foreslått å foreta ein spørje undersøking på ungdomsskulen. Hilde Skår og Kjartan Lauritsen er foreløpig innkomne forslag til artistar. Neste møte for Fitjar festivalen blir 10.02.21

4. Fritidsklubb

Ungdomsrådet ønsker at det vert starta fritidsklubb med tilhøyrande E-sportanlegg for ungdom på Fitjar.

Vedtak:

Det vart einstemmig vedteke at ungdomsrådet skal jobba målretta mot å få i stand ein fritidsklubb med E-sportanlegg m.m. Dei vil at klubben skal vere open minst 2 kveldar i veka og ha vaksne leiingar. Ein må først lage ei eit forslag som ein ber rådmannen om å ta til politisk handsaming. Deretter vert det evt. eit budsjettforslag til budsjett 2022 dersom politikarane vel å la ungdomsrådet lage ei vidare utgreiing av kostnad, lokalitet og innhald.

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe på 5 personar som skal lage utkast til forslag som deretter skal handsamast vidare av heile ungdomsrådet.

5. Webinar om einsemd og psykiske problem

Ungdomsrådet ønsker at det vert gjort noko ekstra for ungdom når det gjeld psykiske problem og einsemd blant ungdom. Det hadde vore fint med eit foredrag der ein kunne hatt eit gruppearbeid og fått oppfølging seinare. Det er viktig at det vert sett på dagsordenen snarast. Koordinator skal søkje etter informasjon om aktuelle tiltak.

Døme på dagsorden på eit slikt seminar:

1. psykisk helse
2. einsemd
3. konsekvensar når ein ikkje held fokus.

(Elever skulkar, vert ikkje sett , fell ut av undervisninga osv.)

Sjølv om desse problema vert forsterka under Koronapandemien er dette noko som alltid er aktuelt. Helsesøster og helsestasjon bør ta meir tak i psykisk helse og einsemd blant ungdom.

6. Presentasjon av SLT ved SLT-koordinator

SLT-koordinator hadde ikkje høve til å møte, men vert kalla inn til neste møte

7.Ymse

Tilgong på helsesjukepleiar:

Enkelte elevane syns det er vanskeleg å gå til helsesøster når kontoret er lokalisert der det er i dag. Mange ser dei og dei får spørsmål frå andre elevar om kvifor dei går inn dit. Det har også vore problematisk at helsesjukepleiar spør eleven spør kva ærendet gjeld når dei står i gongen slik at alle kan høyre dei. Det vart fortalt om eit spørjeskjema med spørsmål om voldtukt, rusmisbruk, spiseforstyrningar o.s.b. Dei måtte gje skjemaet til lærar som igjen skulle gje det til helsesjukepleiar. Dei syns det var ubehageleg at sensitiv informasjon skulle behandlast slik. Dei lurte på om ein må ha slike alvorleg problem for å få tilgong til helsesøster, kva er kriteria for å gå til helsesøster mtp alvorlighetsgrad? Dei seier at mange treng nokon å snakke med no, for problema deira vert forsterka under korona. Spesielt når det gjeld psykiske problem. Er det mogeleg å få til eit system der dei kan komme utanom friminutt og gjera avtale slik at dei slepp å sei kva det er i døra.

Det vart bestemt at ein inviterer inn helsestasjonen for å greie ut om dette i neste møte.